



Frå prepareringsarbeidet laurdag morgon.

Fjellhaugen skisenter melder om at alpintrekket er ope søndag frå kl.10 til kl.16. Det vert meldt om at det framleis er gode forhold i anlegget sjølv om det har vore eit par dagar med regn. Vermeldingane for søndagen er og gode.

Det vert som vanleg nypreparert i heile anlegget.

Leiinga gjer merksam på at dei framleis ikkje har kortterminal i anlegget så derfor må besøkande hugsa å ha med kontantar.

Mobilnettet verkar heller ikkje, vert det meldt.

Alt ligg til rette for ein flott familiesøndag i Fjellhaugen!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Fjellhaugen skisenter